



**NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE**

### **Innkalling**

til møte i utval for politisk styringsstruktur

**Tysdag 22.05.2018 kl. 14.30 – 17.00, Skjenet 2**

### **Saksliste:**

- Sak 18/18    **Velkomen v/ leiar Marianne Sandahl Bjorøy**
- Sak 19/18    **Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av referat frå førre møte 22.03.2018. (vedlagt)**
- Sak 20/18    **Drøfting omkring felles etiske retningslinjer for Nye Øygarden kommune (sjå vedlagte materiale frå dei tre kommunane og KS).**
- Sak 21/18    **Ymse**

Med venleg helsing  
For leiar Marianne Sandahl Bjorøy

Willy Sørensen  
Prosjektmedarbeidar/ Sekretær for utvalet



## Møtereferat

<b>Møte nr. 6 i:</b> <b>Utval for politisk styringsstruktur</b>	<b>Dato:</b> 22.03.2018	<b>Tid:</b> Kl. 15.00 – 16.30
<b>Møteleiar:</b> Marianne Sandahl Bjorøy	<b>Stad:</b> Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
<b>Medlemmer som møtte:</b> Marianne Sandahl Bjorøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jogeir Sognnæs Jørgen Kausland Børge Haugetun Ingrid Marie Toft	<b>Forfall:</b> Ingen	
<b>Andre:</b> Ingen		
<b>Referent:</b> Willy Sørensen		

Saksnr	Sakstittel
13/18	<b>Velkomen ved leiar Marianne Sandahl Bjorøy</b>  Leiaren ønskte velkomen til møtet
14/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av referat frå førre møte 20.02.2018.</b>  Innkalling, saksliste og referat vart godkjend utan merknader.
15/18	<b>a)Drøfting av framlegg til sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur, datert mars 2018 (vedlagt møteinnkallinga)</b>  <b>b)Drøfting av framlegg til sak til fellesnemnda; Sluttrapport for politisk styringsstruktur.</b> Utvalet drøfta seg gjennom framlegget til sluttrapport. Sekretæren vil gjere endringar i samsvar med utvalet sine vurderingar og konklusjonar, slik at den vil få status som utvalet



**NYE ØYGARDEN  
KOMMUNE**

	<p>sitt framlegg til rapport til slutthandsaming i fellesnemnda.</p> <p>Utvalet drøfta seg også gjennom framlegget til sak som skal følgje rapporten til fellesnemnda si slutthandsaming. Sekretæren fekk i oppgåve å gjere dei endringane som utvalet tilrådde, og sende denne ut til eit siste gjennomsyn i utvalet før den vert fremja for fellesnemnda.</p>
<b>16/18</b>	<p><b>Opplegg for vidare arbeid med etiske retningsliner. Drøfting</b></p> <p>Utvalet vart samde om å arbeide vidare med etiske retningsliner i eit seinare møte. Tidspunkt for dette vart sett til måndag 14.mai kl. 1430. Eiga innkalling kjem i god tid før møtet.</p>
<b>17/18</b>	<p><b>Ymse</b></p> <p>Det vart ikkje drøfta spesielle saker eller tema under ymse.</p> <p>23.03.2018 For leiaren</p> <p>Willy Sørensen Referent</p>

# Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Fjell kommune

Saksmappe 14/307. Vedteke i kommunestyret 19.02.2015, sak 19/15.

## 0. Bakgrunn

Tilliten som innbyggjarane har til folkevalde og tilsette i kommunen er viktig for lokaldemokratiet. Der slik tillit finnast, aukar dei folkevalde sitt handlingsrom og gjer det mogleg for kommunen å fylle rolla som god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsmynde og arbeidsgjevar.

I aukande grad møter vi krav om samfunnsansvarleg drift.

Samfunnsansvar for ein kommune handlar mellom anna om å forvalte fellesskapet sine ressursar på ein måte som samsvarar med lover og reglar.

Kommunen sitt omdøme vil i aukande grad også avhenge av korleis ein forvaltar dette samfunnsansvaret.

Når folkevalde og kommunal forvaltning viser open framferd mot innbyggjarane så vel som i eiga verksemd, vil dette byggja tillit hjå innbyggjarane. Prinsipp om open framferd og kontroll med forvaltninga krev også at det vert gjeve innsyn i kritikkverdige tilhøve i forvaltninga.

Uansett om du handlar på vegner av ei kommunal verksemd eller i kraft av eit kommunalt verv, vert du oppfatta som representant for heile kommunen. Du som folkevald eller tilsett har difor eit sjølvstendig ansvar for å medverka til at tilliten til kommunen så vel som omdømet til kommunen vert ivareteke. Dette gjeld anten du er folkevald, arbeider i eit kommunalt eigd eller drive selskap eller er tilsett i kommuneadministrasjonen eller i tenesteytande verksemd.

Verksemda vår vert kontrollert gjennom lover, reglar og rutinar for oppfølging. Når det vert avslørt korrupsjon, juks, kameraderi og inhabilitet i saksutgreiingar og avgjerder, eller når folk opplever at folkevalde eller tilsette skaffar seg sjølve godar og fordelar, er det ofte lett å sjå kva som gjekk galt — i ettertid.

Målet med å ha etiske retningslinjer er å medverka til utvikling av ein praksis som gjer at vi ikkje trør feil. Slik at vi reagerer og handlar riktig når vi kjem opp i situasjonar der dei etiske grensene er uklare, eller der vi rett og slett ikkje har tenkt at handlinga kan føra til mistillit.

Vi byggjer med dette ein kultur for open framferd i kommunen — ei framferd som kan handtera problemstillingane innanfrå gjennom å diskutera dei vanskelege situasjonane og å dele erfaringar om korleis dei skal handterast.

Det er gjennom handlingar ein ser kva etiske haldningar folkevalde og tilsette har.

## 1. Hovudprinsipp

Fjell kommune legg stor vekt på å driva ei heiderleg, ærleg og open verksemd. Folkevalde og tilsette har alle ansvar for å følgja dette prinsippet. Dei som er sett til å forvalta samfunnet sine felles midlar må ha høg etisk standard i all verksemd for kommunen.

Alle skal følgja lover, reglar og normer som gjeld for kommunen si verksemd og vera lojal mot kommunale vedtak.

Folkevalde og tilsette må vera medvitne om at dei legg grunnlaget for innbyggjarane sin tillit til kommunen, og må ta avstand frå og kjempa mot uetisk forvaltningspraksis.

Etikk handlar og om respekt. Det vert stilt krav om at tilsette og folkevalde viser god møtekultur i møte med kvarandre og med innbyggjarane.

Dei folkevalde skal vere medvitne om rolla si som arbeidsgjevar og om arbeidsgjevaransvaret som dei har for tilsette i Fjell kommune.

Samhandlinga mellom folkevalde og tilsette må leggjast til rette og praktiserast slik at det fremjar eit godt arbeidsmiljø på ein trygg og god måte, jf arbeidsmiljølova.

Folkevalde og tilsette må samhandla med innbyggjarar og andre i ein god tone og i samsvar med god forvaltningspraksis.

Dei etiske retningslinene vert gått gjennom i starten av kvar nye kommunestyreperiode for dei folkevalde i Fjell. Alle tilsette i Fjell kommune skal kjenna til retningslinene.

I opplæringsprogram både for tilsette og folkevalde skal etikk og møtekultur vera viktige tema.

## **2. Personlege fordelar, gåver og liknande**

Innbyggjarane i kommunen skal ha tillit til at vedtak og tenester ikkje vert påverka av gåver eller fordelar o.a. Gåver, uansett storleik, kan skapa ei form for lojalitet. Difor skal ein ikkje ta i mot slike.

Er ein i tvil om ein kan ta imot, skal ein kontakta næraste overordna for avklaring.

Tilsette i Fjell kommune kan gjere bruk av rabattar gjeve i samband med verksemda sitt leverandør- eller kundetilhøve til Fjell kommune. Det er eit krav at slike rabattar vert gjort kjend for og gjeve til alle tilsette.

## **3. Representasjon og reiser**

Representasjon og gjestfridom høyrer med i samarbeid med andre.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar- eller arbeidstakarorganisasjon e.l.

Nærmaste leiar kan gjere unntak frå dette i særskilte tilfelle.

Når folkevalde representerer/reiser i eigenskap av representant for kommunen, skal kommunen betala reiseutgifter mm.

## **4. Lojalitet og interessekonflikter**

For å sikra tillit hjå innbyggjarane i kommunen, bør ikkje folkevalde og tilsette koma i situasjonar som kan føra til konflikt mellom kommunen sine interesser og den einskilde sine personlege interesser. Skulle slike situasjonar oppstå, må ein straks gjere merksam på konflikten. Dette gjeld også tilfelle som ikkje er omfatta av reglane om ugildskap i forvaltningslova.

Folkevalde i kommunestyret har ikkje berre ein rett til å delta i politiske debattar/saker/vedtak, dei har og plikt til det. Når folkevalde vert valt inn i komitear/utval, følgjer den same plikta til deltaking med.

Ved val til komitear og utval vert valnemnda oppmoda til å medverka til at medlemene i komitear/utval unngår å koma i lojalitets- og interessekonflikter. Dette kan ein gjera ved at nemnda tek omsyn til dei etiske retningslinene i arbeidet sitt.

Dersom personlege interesser kan påverka avgjersla i ei sak ein har fagleg ansvar for eller deltek i førebuinga av, skal ein ta dette opp med overordna. For folkevalde skal dette takast opp i det organet ein sit i ved handsaminga av saka.

Det vert sterkt oppmoda til at folkevalde på eige initiativ tek opp spørsmål om ugildskap i dei tilfella det kan vere grunn til det. Det er organet ein sit i som avgjer om vedkomande er ugild, men det er i praksis den folkevalde sjølv som må ta opp spørsmålet.

Døme på moglege problemstillingar kan vere:

- Forretningsmessige høve til tidlegare arbeidsgjevar eller kollegaer.
- Lønna verv eller bistilling som kan påverka arbeidet for kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føra til at ein kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til kommunen si verksemd.
- Nære sosiale eller familiære kontaktar

Lista er ikkje uttømmmande.

## 5. Ytringsfridom

Det er ein verdi for Fjell kommune at ein har tilsette og folkevalde som er aktive og ytrar seg med sitt engasjement og sine meiningar, både skriftleg og munnleg. Ein skal vere merksam på at slike ytringar kan medverke til korleis innbyggjarane oppfattar kommunen. Dette gjeld ikkje minst som aktiv på sosiale media. Ein vert oppmoda til å vurdere om ei ytring er i samsvar med dei etiske retningslinene når ein uttalar seg som tilsett eller folkevald.

Usemjje mellom folkevalde og tilsette skal handsamast ved å gå tenesteveg.

Personlege ytringar skal ikkje gå ut på e-post eller brevark merka med Fjell kommune.

For tilsette finst det ytterlegare retningsliner for bruk av sosiale medium.

## 6. Bruk av kommunalt utstyr

Det er nedbrytande for tilliten til folkevalde og tilsette dersom innbyggjarane får grunn til å tru at kommunalt utstyr vert brukt av tilsette som om det var privat utstyr.

For å unngå dette, kan ein berre bruka kommunen sine maskiner, bilar og anna utstyr i samsvar med fastsette retningsliner.

## 7. Fortruleg informasjon

For innbyggjarane er det avgjerande for tilliten til den kommunale verksemda at opplysningar som dei gjev til folkevalde og/eller tilsette i kommunen, ikkje kjem på avveggar. Opplysningar som tilsette og folkevalde får i samband med handsaming av saker i kommunen og som er omfatta av teieplikt må berre verte gitt til dei som har krav på å få opplysningane ut frå forvaltningslova og offentlegheitslova.

Opplysningane må ikkje nyttast til personleg vinning av noko slag.

All informasjon som vert gitt i samband med arbeid og verksemd for kommunen skal vera sann og påliteleg. Ein skal ikkje med vilje gje informasjon som er tvitydig eller unnlata å gje informasjon som er eller kan vera viktig.

## 8. Brot på retningslinene

Tilsette som vert kjend med brot på dei etiske retningslinene bør varsle om det, jamfør arbeidsmiljølova §§2-4 og 2-5 og Fjell kommune sine retningsliner om varsling.

Folkevalde som vert kjend med brot på dei etiske retningslinene bør varsle om det til ordførar.

## **9. Registrering av styreverv og økonomiske interesser**

Fjell kommune er knytt til Styrevervregisteret og opplysningar om folkevalde og tilsette sine verv/stillingar er registrert der. Opplysningane er henta frå Enhetsregisteret, Foretaksregisteret (Brønnøysundregistra) og Kommuneregisteret.

Folkevalde i tillegg til tilsette som er leiarar eller har innstillings- og/eller avgjerdsrett vert oppmoda til sjølv å registrera andre verv og interesser for å sikra ei open framferd om økonomiske tilhøve og slik byggja tillit rundt dei prosessane ein deltek i.



---

**ETISKE RETNINGSLINER FOR SUND KOMMUNE –  
VEDTEKE I KOMMUNESTYRET 19.09.2017**

**1.INNLEIING**

Målet med Sund kommune sine etiske retningslinjer er å sikra ein god etisk praksis med ein standard som gjer at innbyggjarane har stor grad av tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar.

Sund kommune legg vekt på at dei som representerer kommunen er ryddige, ærlege og opne i si framferd. Både folkevalde og tilsette skal fylgja opp dette prinsippet.

Desse etiske retningslinene byggjer på allmenne etiske verdiar og normer som krev rettferd, lojalitet, at ein er ærleg, påliteleg og sannferdig – og at ein skal oppføre seg mot andre slik ein ynskjer at andre skal oppføra seg mot ein sjølv.

Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine ressursar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hjå dei som handlar på vegne av kommunen.

**2.INNBYGGJARANE**

I si verksemd som tenesteytar og forvaltningsmynde pliktar dei som representerer kommunen å ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, sikre i størst grad lik handsaming og vise respekt for kvart individ.

Sund kommune sine verdiar: *Tilgjengeleg, raus, kompetent og løysingsfokusert* skal prega møta med innbyggjarane. Fortrulege opplysningar som kjem fram i samband med oppfylging av innbyggjarane sine saker skal respekterast – og må ikkje koma uvedkomande i hende. Folkevalde og tilsette må heller ikkje nytta slik informasjon til på nokon måte personleg vinning.



### **3.OMDØMMET TIL SUND KOMMUNE**

Den einskilde folkevalde og den einskilde tilsette pliktar å utføra sine oppgåver og opptre på ein etisk forsvarleg måte – slik at kommunen sitt omdømme ikkje vert skadd.

Folkevalde og tilsette skal så langt råd er arbeida for at tenester og varer kommunen gjer seg nytte av vert produsert på ein etisk forsvarleg måte.

### **4.LOJALITET**

Folkevalde og tilsette i Sund kommune har plikt til å fylgja dei lover og reglar som gjeld for kommunen.

Det er viktig at kommunalt tilsette er engasjerte i ein open, fri og allsidig diskusjon om samfunnsspørsmål – slik normal oppfatning av ytringsfridom tilseier. Kommunalt tilsette må i slike diskusjonar kunna nytta faktaopplysningar frå eige arbeidsfelt.

Når vedtak er fatta og ei avgjerder er endelege, skal desse fylgjast opp utan unødige opphald innanfor dei rammer som gjeld – upåverka av kva faglege eller politiske motførestellingar dei som skal iverksetja det, måtte ha.

Folkevalde og tilsette i Sund kommune skal opptre konstruktivt og med verdigheit når dei tek del i samfunnsdebatten. Den einskilde skal tenkje gjennom dilemma som kan oppstå i høve til lojalitetsplikta. Særleg gjeld dette leiarane der kommunen forventar særleg varsemnd i høve til lojalitetsplikta.

Arbeidsgjevar skal sjå til at arbeidstakar sine interesser vert sikra så langt råd er.

Lovreglar om teieplikt skal etterlevast.

### **5.UGILDSKAP**

Alle som fattar vedtak og tilrettelegg for vedtak i Sund kommune, er bundne av forvaltningslova sine reglar om habilitet. Tilsette har sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at dei kan fritakast for vidare medverknad med saka. Ved tvil om habilitet skal den tilsette ta dette opp med næraste leiar. For folkevalde skal spørsmål om habilitet takast opp med det politiske organet ein er representant i. I praksis må den folkevalde sjølv ha ansvar for å ta opp spørsmålet om eigen habilitet.

### **6.FORRETNINGSDRIFT**

Kommunen si forretningsverksemnd skal drivast slik at innbyggjarar, brukarar og leverandørar har tillit til måten fellesskapet sine midlar vert brukt.

Folkevalde og tilsette må ha kunnskap om og fylgja dei lover og reglar som gjeld offentlege innkjøp. Alle innkjøp skal vera føreseielege, opne for innsyn, kunna etterprøvast og byggja på lik handsaming og god forretningsskikk.

Tilsette og folkevalde i Sund kommune skal vere bevisste på at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarar i kommunen. Dei pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten og ikkje missbruke eller sløse. Kommunalt tilsette skal ikkje levere varer til den verksemda ein sjølv er tilsett i.

## **7.GÅVER OG ANDRE FORDELAR**

Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, eller vera eigna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi.

Tilsette sine utgifter ved tenestereiser skal betalast av kommunen, arbeidsgjevar- eller arbeidstakarorganisasjon.

Folkevalde som er med på reiser for å representera kommunen skal få dekkja sine utgifter knytte til reisa av kommunen.

Representasjon og gjestfridom er ein naturleg del av det å samarbeida med andre.

Representasjon må likevel ikkje vera av eit slikt omfang at det kan gje grunn til å tru at avgjerdsprosessar i kommunen kan verta påverka.

## **8.RETT TIL Å VARSLA**

Melding om uheldige tilhøve skal for tilsette gå tenesteveg. I særlege tilfelle bør det varslast med tilvising til Arbeidsmiljølova (§2-4 og 2-5). Leiarar har eit særleg ansvar for at medarbeidarar som avdekker og varslar om uheldige tilhøve vert fylgde opp på ein god måte. Folkevalde som vert kjende med brot på dei etiske retningslinene skal varsla ordføraren.

## **9.OPPFYLGING**

Kvar einskild folkevald og kvar einskild tilsett i kommunen har ansvar for å fylgja dei etiske retningslinene. Det er eit leiaransvar at brot på retningslinene vert påtala og at mogeleg reaksjon vert vurdert.





**Dok. ref.**  
12/1327-2/K1-007//JKO

**Dato:**  
27.05.2013

## ETISKE RETNINGSLINER FOR FOLKEVALDE

### Innleiing

Tillit til folkevalde i offentlege organ er ein føresetnad for lokaldemokratiet. For å oppnå tillit må det vera høg etisk kvalitet på tenesteyting og utøving av mynde. Gjennom det er ein med på å bygga eit godt omdømme som aukar handlingsrommet til dei folkevalde og gjer det mogleg for Øygarden kommune å fylla rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsorgan og arbeidsgjevar. Målet med desse etiske retningslinjene er at folkevalde skal vera seg dette bevisst, og ha ei reflektert haldning til etikk i sitt daglege virke. Retningslinjene har grunnlag i allmenne etiske verdiar og normer som ærlegdom, rettferd, lojalitet, openheit og tillit samt kommunen sine grunnverdiar. Omsynet til innbyggjarane skal vera i sentrum for kommunen si verksemd. Dei etiske retningslinjene gjeld for alle folkevalde i Øygarden kommune. Kvar einskild folkevald har eit særskilt ansvar for sjølv å følgja dei etiske retningslinjene og å sjå til at desse vert etterlevd i kommunen.

### 1. Informasjon og offentlegheit

Det skal vera openheit og innsyn i forvaltninga slik at ålmenta kan gjera seg kjent med verksemda i kommunen og slik kunna få innsyn i korleis kommunen utfører oppgåvene sine. Informasjon som vert gitt til ålmenta skal vera korrekt og objektiv. Fortrulege opplysningar som vert mottekne i samband med tenesteforhold, må ikkje brukast til personleg vinning.

### 2. Teieplikt

Folkevalde i Øygarden kommune har teieplikt fastsett i lov eller medhald i lov. Kommunikasjon av sensitive personopplysningar må ikkje skje på ein slik måte at uvedkommande får innsyn. Teieplikta gjeld også etter at vervet som folkevald er avslutta i kommunen.

### 3. Habilitet og interessekonfliktar

Folkevalde i Øygarden kommune skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekke tilliten til at dei er upartiske. Brot på habilitetsreglane kan føre til at eit vedtak vert kjend ugyldig.

### 4. Omdømme

Folkevalde skal ikkje opptre på ein slik måte at menneskeverdet vert krenka eller at omdømmet til kommunen vert skada, eller slik at publikum og brukarar (elevar, pasientar, tenestemottakarar m.m. ) misser tillit til kommunen eller tenesteutøvaren.

## **5. Gåver og fordelar m.m.**

Folkevalde skal ikkje, verken for seg sjølv eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som er eigna til, eller som givaren har meint, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene. Folkevalde må ikkje bruke ombodsrolla si til å skaffe seg sjølv eller andre ein urettkomen fordel. Dette gjeld også i tilfelle der desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.

Representasjon og liknande skal haldast innanfor vanlege normer for sosialt samvær. Dersom leverandørar m.v. tilbyr reiser o.l. er det ein føresetnad at kommunen dekkjer utgifter til reise og opphald. Rammeavtalar med leverandørar skal ikkje brukast av folkevalde til privat bruk med mindre det er rabattordningar som er ålment tilgjengeleg for alle tilsette i kommunen. Dette gjeld og dei folkevalde sine næraste.

Kommunen sin logo, brevhovud eller porto skal aldri brukast i privat korrespondanse. Dersom folkevalde kjem opp i problemstillingar knytt til gåver m.m., kan spørsmålet leggjast fram for kontrollutvalet.

## **6. Forretningsdrift**

Kommunen si forretningsdrift skal vera basert på god forretningskikk, sikra at ein følgjer gjeldande lover og reglar, og bidra til at kommunen når sine mål. Alle innkjøp i kommunen skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar og kommunen sin innkjøpspolicy.

## **7. Berekraftig utvikling**

Folkevalde i Øygarden kommune skal vere seg bevisst det samfunnsansvar som følgjer forvaltning av fellesskapet sine ressursar. Folkevalde i Øygarden kommune skal bidra til å byggja bruor mellom folk og forvaltning, til beste for den enkelte, lokalsamfunnet og komande generasjonar.

*Vedteke av Øygarden kommunestyre 22. mai 2013 - sak KS.41/13*



- 
- ○
- 
- 
- 
- 

- [KS](#)
- [Samfunn og demokrati](#)
- [Etikk](#)
- [Etiske retningslinjer](#)
- Rammeverk for etiske retningslinjer
  
- [Etiske retningslinjer](#)



Fotograf NTB Scanpix

# Rammeverk for etiske retningslinjer

Etiske retningslinjer må tilpasses hver enkelt kommune. De vedtas av kommunestyret og følges opp i daglig ledelse og drift.

Publisert 20.03.2015

- 
- 
- 
- 
- 

Dette rammeverket kan brukes i revisjon eller utarbeidelse egne etiske retningslinjer. Når kommunen skal utforme et felles sett av etiske regler er det viktig at disse er:

- enkle å forstå. De bør være så konkrete som mulig, og trekke klare grenser som ikke krever juridisk eller annen spesialkompetanse for å forstå
- relevante for medarbeidernes hverdag med utfordringer og dilemmaer som kan oppstå
- begrenset omfang slik at de er lette å sette seg inn i

## DEL 1 – Om etiske retningslinjer

### 1. Innledning

- Hva er etiske retningslinjer, hvilke oppgaver har de, og hvem er målgruppa?  
Etiske retningslinjer må forvaltes med klokskap, vi skal fortsatt kunne ha nettverk, forbindelser osv.
- Etikktvalg, hvis kommunen har det, der formålet er å bistå kommunen i forhold til etiske dilemmaer.
- Sanksjoner for brudd på etiske retningslinjer
- Hvordan forholder ansatte og folkevalgte seg til etiske retningslinjer. Hvilke forpliktelser følger ved å underskrive osv.

## 2. Ordene vi bruker: Etikk, moral, kultur og samfunnsansvar

- Hva er etikk og hva er moral? Moral om det som oppfattes som gode, riktige, prisverdige handlinger og holdninger. Etikk er mer teoretisk orientert, og brukes om systematisk tenkning knyttet til hva som er rett og galt.
- Hva forstås med ordet kultur i kommunen, hvorfor er det viktig
- Hva forstås med samfunnsansvar?
- Hva er grunnlaget for etiske retningslinjer?
- Henvisning til kommunens visjoner og verdigrunnlag. Eksempel på verdier: ”Troverdighet, åpenhet og gjensidig respekt”. Hva mener vi med slike honnørord her hos oss?
- Henvisning til at etiske retningslinjer forankres i kommunens strategier og handlingsplaner.

## Del 2 – Våre medmennesker og omgivelser

Her kan enten del 2 eller del 3 vektlegges. Kommunens interesser handler om forholdet til våre medmennesker og omgivelser. Hvordan skal kommunens forhold til de enkelte gruppene synliggjøres? Her kan man ta for seg de enkelte gruppene og si noe konkret om hvordan arbeidsgiver forventer at noen eller alle gruppene behandles - for eksempel en serviceerklæring før man eventuelt går til del 3 og sier mer om konkrete problemstillinger kommunen oppfatter at deres folkevalgte og ansatte må forholde seg til i sitt daglige virke.

- Innledning om forventninger til interessentene, og om roller de forskjellige interesser ha
- Forholdet til eksterne interesser
  - Brukere/innbyggerne/kunder
  - Leverandører
  - Konkurrenter
  - Andre offentlige myndigheter
- Forholdet til interne interesser
  - Ansatte (på alle nivåer) og folkevalgte (forholdet til hverandre)
  - Eiere/investorer (i forhold til selskaper man eier, eller er medeier i)
- Forholdet til andre spesielle interesser
  - Styret eller ledelsen i selskaper man eier, eller er medeier i.
  - Andre?

## Del 3 – Sentrale temaer i etiske retningslinjer

Velg emner fra sjekklisten nedenfor som er relevante å ha med for egen kommune:

- Habilitet (familie, venner, eks-jobb) og integritet
- Bi-verv (politisk eller privat virksomhet?)
- Engasjement i frivillige organisasjoner
- Forretningsskikk
- Bruk av kommunens eiendeler
- Bruk av pc og mobil — privat/job
- Innkjøp og innkjøpsprosedyrer
- Korrupsjon og bestikkelser
- Gaver (prosedyrer for håndtering; beløpsgrense for personlige gaver)
- Representasjon, turer, bevertning og utgiftsdekning
- Behandling av de som henvender seg til kommunen i forbindelse med ulike virksomheter
- Forholdet til kolleger og lojalitet
- Om ytringsfrihet (Grunnlovens § 100), lojalitet og taushetsplikt (hva; overfor hvem?)
- Varsling
- Forholdet til medier
- Natur og miljø (eks. håndtering av avfall og miljøfarlige stoffer)
- Internkontroll
- Informasjon
- Annet?

## Del 4 – Vedlegg

Aktuelle lover og regler kan tas inn som informasjon og referanse der det er naturlig, f.eks. i forbindelse med innkjøp, gaver eller miljøfarlige stoffer.



### [Lise Spikkeland](#)

Spesialrådgiver - lokaldemokrati og etikk

- [Send e-post](#)
- [+4790110048](#)

Ta meg til en regionside

---

## Haakon VIIs gt. 9, 0161 Oslo

- Postadresse: Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo
  - Org. nr. 971 032 146
  - [24 13 26 00](#)
  - [Send e-post](#)
- 

- [Finn ansatt](#)

## Redaktør: Sissel Ambjør

- - Pressetelefon:
  - [24 13 26 01](#)
  - [Send e-post](#)
- 

## KS Medlemsservice for arbeidsgiverspørsmål

- - [24 13 64 00](#)
  - [Send e-post](#)
- 

## Andre:

- [KS på sosiale medier](#)
- [Kommunespeilet](#)
- [Nyhetsbrev](#)
- [Nyhetsvarsling fra KS](#)
- [Ledige stillinger i KS](#)